



Kommunal- og regionaldepartementet  
Postboks 8129 Dep

0032 OSLO

Att:

**Dykkar ref**  
Sak 10/1002

**Vår ref (oppgje ved svar)**  
10/8223

**Arkivopplysningar**  
09/623-21 / 010 / /

**Dato**  
27.08.2010

## **Framlegg til endringar i vallova - høyring frå Gloppen kommune**

Eg viser til departementet sitt brev av 31. mai d.å. der m.a. kommunane blir inviterte til å ha synspunkt på framlegget til endringar i vallova og valforskriftene.

Formannskapet i Gloppen – som i hovudsak også utgjer kommunen sitt valstyre – behandla saka i møte den 26. august i år, og gjorde slikt vedtak:

1. Gloppen kommune v/formannskapet har ingen merknader til departementet sitt framlegg til endringar i vallova og valforskrifta.
2. Formannskapet støttar departementet i at det ikkje bør gjerast endringar i reglane om val av medlemmer til valstyre og røystestyre. Ei endring som utelukkar listekandidatane frå valstyre/røystestyre vil redusere den folkevalde styring av valet, og føre til praktiske problem i gjennomføringa av valet.
3. Formannskapet i Gloppen gjer framlegg om at partilogoen skal trykkjast saman med partinamnet på stemmesetelen. Dette er eit tiltak som vil gjere det mykje lettare for folk med lesevanskar å velje rett setel utan å be om hjelp, og såleis vere med å gjere valet hemmeleg også for denne gruppa av veljarar.

Framlegget i pkt 3 er ei oppfølging av reaksjonar frå veljarar ved siste val. Framlegget er tidlegare også spelt inn til fylkesvalstyret i Sogn og Fjordane. Gloppen kommune ønskjer å trykkje partilogoen på røystesetlane ved det komande kommunestyrevalet.

Med helsing

Jan Kåre Fure  
sekretariatsjef og sekretær for valstyret  
tlf. 57 88 38 28